



Ole Vidar Monsen i fin stil då det var snø også i låglandet!

**Skigruppa vil 20. og 21. oktober skipa til treningshelg både for store og små, melder leiar Ole Vidar Monsen, Dei skal ha skulen som base og gjennomføra 2 økter på laurdagen og ei langkøyring/fjelltur på sundagen.**

**Om kvelden blir det servert god mat og til og med ein filmsnutt frå aktivitetane om dagen. Det ligg an til eit riktig triveleg sosialt samvær.**

Deltakarane blir delt i 2 grupper, den eine for 8-12 år og den andre for 13 år og oppover. Den eldste gruppa møter fram klokka 10 på laurdag og den yngste

klokka 12. Under langkøyringa kan søsken og foreldre gjerne hengja seg på.

På heimesida til idrettslaget (link til venstre her på sida) finn ein fleire detaljar om opplegget, mellom anna om påmelding og kva ein treng å ta med seg.

Skigruppa minnar også om eit viktig informasjonsmøte ved skulen klokka 19 den 30 oktober der det blir orientert om mangt før sesongen tek til. Då vert det også smørjekurs og gruppa vonar at alle foreldra vert med.